



DET KONGELEGE ARBEIDS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 77

(1999-2000)

Om trygdeoppgjeret 2000

*Tilråding frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet av 2.
juni 2000, godkjend i statsråd same dagen.*

1 Innleiing

Det vert fremja forslag om regulering av grunnbeløpet i folketrygda og om auka løyvingar på statsbudsjettet for 2000 som følgje av dette.

Den 27. april 2000 kom partane i trygdeoppgjæret - staten, Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Noreg - saman for å gå gjennom rapporten frå Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera. Føremålet med møtet var å kartleggje utviklinga i løner og grunnbeløp.

Drøftingsmøta om regulering av grunnbeløpet blei haldne 30. og 31. mai 2000. Møta førte fram til semje mellom staten og dei tre organisasjonane om ein auke i grunnbeløpet på kr 2 140 frå 1. mai i år.

Regjeringa gjer i samanheng med dette framlegg om at grunnbeløpet blir sett til kr 49 090 frå 1. mai 2000.

Meirutgiftene for 2000 av auken i grunnbeløpet vert omlag 3 610 mill. kroner, inkludert reguleringa av statspensjonane per 1. mai 2000, jf. St.prp. nr. 74 (1999-2000).

2 Drøftingane med organisasjonane om regulering av grunnbeløpet

Staten har i drøftingane teke utgangspunkt i dei retningslinene for regulering av pensjonistane sine inntekter som Stortinget vedtok hausten 1999.

I retningslinene heiter det:

«Siktemålet for reguleringa skal vera å gi pensjonistar med folketrygd-pensjon ei inntektsutvikling om lag på linje med utviklinga for yrkesaktive og i tråd med dei prinsipp og mål som er lagt til grunn for gjennomføringa av det inntektspolitiske opplegget elles.

Venta inntektsutvikling for yrkesaktive blir fastsett med utgangspunkt i inntektsoppgjera for offentleg tilsette og LO/NHO-oppgjæret. Det skal følgje med eit bakgrunnsmateriale som viser kva tala for venta inntektsutvikling for yrkesaktive er basert på og andre tilhøve som har hatt innverknad på fastlegginga av grunnbeløpet. Materialet skal også vise korleis inntektsutviklinga har vore for yrkesaktive og pensjonistar dei seinare åra. Oversikt over utviklinga for yrkesaktive i LO/NHO-området og for offentlege tilsette og for gruppa lønnstakarar i alt base-rast mellom anna på materiale om lønnsutviklinga frå Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera.»

Under drøftingane la Norsk Pensjonistforbund (NPF), Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) og Landsorganisasjonen i Noreg (LO) fram eit felles krav der det heiter:

1. «I protokollen fra møtet 27.04.2000 konstaterer partene at årets lønnsvekst for alle grupper fra 1998 til 1999 er 4,9 %. I samme periode økte grunnbeløpet med 4,5%. For å dekke opp for avviket mellom utviklingen i grunnbeløpet og årslønn for alle grupper i 1999 krever organisasjonene at grunnbeløpet justeres opp med *kr 250* pr 1. mai 2000.
2. Under henvisning til retningslinjene for regulering av grunnbeløpet og resultatene i årets inntektsoppgjør for yrkesaktive, krever organisasjonene at grunnbeløpet økes med 4,9%, som vil si *kr 2.620*, fra 1. mai 2000. Organisasjonenes samlede krav til økning i grunnbeløpet fra 1. mai 2000 er *kr 2.870*. Grunnbeløpet fra 1. mai 2000 blir da *kr 49.820*.
3. Grunnbeløpet har vært underregulert gjennom en årrekke. Dette har ført til at verdien av grunnbeløpet ligger vesentlig lavere enn forutsatt da folketrygden ble etablert. Ved årets trygdeoppgjør krever organisasjonene derfor at partene blir enige om en opptrapningsplan for grunnbeløpet.»

Gjennom drøftingane vart staten og NPF, LO og FFO samde om at grunnbeløpet vert auka med *kr 2 140*, med verknad frå 1. mai 2000. Som ei følgje av dette vil pensjonen for dei einslege minstepensjonistane auke med *kr 3 828* i året. For eit minstepensjonistektepar vert auken i pensjonen *kr 6 600* per år.

Protokollen frå drøftingane følgjer som vedlegg til proposisjonen.

3 Verknader av forslaget til pensjonsregulering

Meirutgiftene ved forslaget om ein auke i grunnbeløpet på kr 2 140 frå 1 mai 2000 i høve til reglar og satsar før 1. mai 2000, vert på om lag 3 610 mill. kroner i 2000, inkludert reguleringa av statspensjonane per 1. mai 2000, jf. St.prp. nr. 74 (1999-2000).

Tabell 3.1 viser utviklinga i minstepensjonane og pensjonane for unge uføre frå 1. januar 1990 etter framlegget til pensjonsregulering, medan tabell 4.1 viser inntektsutviklinga før skatt for pensjonistar og lønstakarar frå 1995 til 1999.

Tabell 3.1: Utvikling av minstepensjonane og pensjonane for unge uføre i perioden 1.1.1990 - 30.04.2001. Kroner

	Minstepensjon					
	Einslege		Ektepar		Unge uføre født før 1941	
	Per år	Per mnd.	Per år	Per mnd.	Per år	Per mnd.
1.01.90-30.04.90	51 839	4 320	83 972	6 998	56 748	4 729
1.05.90-30.11.90	54 220	4 518	87 960	7 330	58 980	4 915
1.12.90-30.04.91	54 378	4 532	88 217	7 351	65 290 ¹	5 441 ¹
1.05.91-30.04.92	56 978	4 748	92 158	7 680	75 688 ²	6 307 ²
1.05.92-30.04.93	58 583	4 882	94 752	7 896	85 775 ³	7 148 ³
1.05.93-31.12.93	59 868	4 989	96 816	8 068	87 648 ⁴	7 304 ⁴
1.01.94-30.04.94	59 868	4 989	101 088 ⁵	8 424 ⁵	87 648 ⁴	7 304 ⁴
1.05.94-31.12.94	61 116	5 093	103 200	8 600	89 484 ⁴	7 457 ⁴
1.01.95-30.04.95 ⁶	61 512	5 126	103 992	8 666	89 484 ⁴	7 457 ⁴
1.05.95-30.04.96	63 372	5 281	107 136	8 928	92 184	7 682
1.05.96-30.04.97	66 240	5 520	111 984	9 332	96 360	8 030
1.05.97-30.04.98 ⁷	69 360	5 780	117 456	9 788	105 612	8 801 ⁸
1.05.98-30.04.99 ⁹	81 360	6 780	140 040	11 670	112 752	9 396
1.05.99-30.04.00	84 204	7 017	144 912	12 076	116 676	9 723
1.05.00-30.04.01 ¹⁰	88 032	7 336	151 512	12 626	121 992	10 166

¹ Frå 1.01.1991.

² Frå 1.01.1992.

³ Frå 1.01.1993 (P.g.a. hevinga av aldersgrensa).

⁴ Født før 1943 (1.01.26-31.12.42).

⁵ Heving av sats for særtillegget for ektepar frå 1.01.94. Ny sats 2x60,5 pst. av grunnbeløpet, dvs. dobbelt av ordinær sats og ny minstesats.

⁶ Heving av særtilleggssatsen frå 1.01.95. Ordinær sats utgjorde 61,55 pst. av grunnbeløpet.

⁷ Heving av særtilleggssatsen frå 1.05.97. Ordinær sats utgjorde 63,2 pst. av grunnbeløpet (minstesats 57,5 pst.).

⁸ Auke av garantert poengfall frå 3 til 3,3.

⁹ Heving av særtillleggssatsen frå 1.05.98. Ordinær sats utgjer 79,33 pst. av grunnbeløpet, medan minstesats utgjer 74 pst. av grunnbeløpet.

¹⁰ Med atterhald om vedtak i Stortinget.

Kilde: Kjelde: Sosial- og helsedepartementet.

4 Nærmare om utviklinga dei seinare åra

I 1990-åra har auken i grunnbeløpet vore noko svakare enn lønsveksten for yrkesaktive (jf. tabell 4.1). Men minstepensjonen både for einslege og for ektepar har auka sterkare enn lønene. Utviklinga i minstepensjonane vert bestemt av utviklinga i grunnbeløpet og i satsane for særtillegg.

Tabell 4.1: Inntektsutvikling for minstepensjonistar og lønstakarar 1994-99. Årleg prosentvis endring og gjennomsnitt 1994-99.

	94-95	95-96	96-97	97-98	99-99	94-99
Grunnbeløp	2,7	4,0	3,9	5,8	4,5	4,2
Minstepensjon for einslege ¹	3,5	4,0	4,7	13,2	7,6	6,5
Minstepensjon for ektepar ¹	3,5	4,0	4,8	14,6	8,1	6,9
Arb. i LO/NHO-området	2,9	4,2	4,3	6,2	4,9	4,5
Statstilsette	3,1	4,4	4,3	6,4	4,7	4,6
Kommunetilsette	2,8	4,4	3,9	5,9	5,0	4,4
Lønstakarar i alt	3,0	4,4	4,3	6,2	4,9	4,6
Alderspensjon i gj.snitt.	4,4	5,4	5,5	9,3	6,2	6,1
Uførepensjon i gj.snitt.	4,4	4,9	5,1	8,6	4,7	5,5

¹ Dei åra der endringa i minstepensjon avvik frå endringa i grunnbeløpet skuldast det auke i særtilleggssatsen.

Kilde: Kjelde: Rikstrygdeverket og Arbeids- og administrasjonsdepartementet

Grunnbeløpet i folketrygda auka med kr 2 870 frå 1. mai 1998 og med kr 1 580 frå 1. mai 1999. Den ordinære satsen for særtillegget i folketrygda auka frå 1. mai 1997 til 63,2 pst. av grunnbeløpet og frå 1. mai 1998 til 79,33 pst. Mins-tesatsen for særtillegget vart på same tid auka til 57,5 og 74 pst.

Frå 1998 til 1999 auka grunnbeløpet og tilleggspensjonane med 4,5 pst., medan minstepensjonen for einslege auka med 7,6 pst. og for ektepar med 8,1 pst. Med ei prisstigning på 2,3 pst. gav det ein sterk realvekst i pensjonane.

I følgje Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera var lønsveksten frå 1998 til 1999 på om lag 4,9 pst. for alle grupper under eitt (jf. NOU 2000:4). Lønsveksten for arbeidrar i LO/NHO-området var 4,9 pst., for stats-tilsette 4,7 pst. og for kommunetilsette 5,0 pst.

I Revidert nasjonalbudsjett 2000 er det lagt til grunn ein gjennomsnittleg vekst i årslønene frå 1999 til 2000 på om lag 3³/₄ pst. for alle grupper under eitt.

I oppgjeret i LO/NHO-området i år vil lønsoverhenget inn i 2000 og dei sentrale tilleggja gje eit bidrag til veksten i årsløna på om lag 2¹/₄ pst. I tillegg kjem bidrag frå gliding i lønene som i seinare år har vore om lag 1¹/₂ pst.

I det statlege tariffområdet og i store delar av kommunal sektor vart det semje om eit meklingsforslag som saman med overhenget inn i år gjev ein auke i årsløna før gliding på om lag 3³/₄ i pst. frå 1999 til 2000. Glidinga i offentleg sektor er klart lågare enn i privat sektor. Bidraget frå lønsgliding har i dei seinare åra vore i området 1₄-0,3 pst.

I tillegg bidreg opptening av to feriedagar med om lag 0,8 pst. til kostnadsveksten b e i privat og offentlig sektor.

 rsgjennomsnittet for grunnbel pet og tilleggspensjonane i folketrygda vil som f lgje av reguleringane i fjor og i  r auke med 4,2 pst. fr  1999 til 2000. Minstepensjonen vil auke med kr 3 828 til kr 88 032 for einslege og med kr 6 600 til kr 151 512 for ektepar per 1. mai 2000, jf. tabell 3.1.

I Revidert nasjonalbudsjett 2000 er det lagt til grunn ein prisvekst fr  1999 til 2000 p  2,6 pst. Ei slik utvikling vil gi ein klar realvekst i pensjonane i  r  g.

Tabell 4.2. viser pensjonen etter skatt i prosent av disponibel inntekt som yrkesaktiv (nettopensjonsdekningsprosent). Gruppene med l g inntekt f r h gare disponibel pensjon som del av tidlegare yrkesinntekt enn h ginntektsgruppene.

Tabell 4.2: Nettopensjonsdekningsprosent i 1999 for pensjonistar som vart alderspensjonistar i 1999 og ved fullt opptent pensjon. Pensjonsalder 67  r.

	Brutto l�nsinntekt. Kroner			
	139 269	185 692	232 115	324 961
	Sluttpoengtal			
	2,00	3,00	4,00	5,33/6,0
Br.pensj. for einslege, 1930-kullet. Kr.	84 072	102 888	121 716	154 644
Br.pensj. for einslege, 1940-kullet. Kr.	87 168	107 532	127 896	168 636
Br.pensj. for einslege, 1975-kullet. Kr.	85 428	104 916	124 416	150 348
	Netto pensjonsdekningsprosent			
Einslege				
1931-kullet	80	72	65	58
1940-kullet	83	74	67	63
1975-kullet	81	72	66	57
Pensjonistektepar (ein minstepensjonist)				
1931-kullet	128	108	96	80
1940-kullet	129	110	98	83
1975-kullet	128	109	98	78
Pensjonistar som fors�rgjer ektefelle (yngre enn 60 �r)				
1931-kullet	95	88	84	71
1940-kullet	98	91	87	72
1975-kullet	97	89	85	70

Kilde: Kjelde: Sosial og helsedepartementet

I vedlegg til proposisjonen framg r den historiske utviklinga av pensjonane m.v. Tabellane i vedlegget viser m.a. utviklinga i minstepensjon fr  1970 b e i nominell og reell verdi. Det framg r at minstepensjonen har hatt ein s rleg sterk realvekst som m  sj ast i samanheng med opptrapping av s rtillleggssatsane.

5 Skattereglane for pensjonistar i 2000

Dei særlege skattereglane for pensjonistar i 2000 er i hovudsak ei vidareføring av skattereglane frå 1992.

Alderspensionistar

Frå og med den månaden skattytaren fyller 70 år, får han kvar månad eit særfrådrag i inntekta på kr 1 470. I 2000 utgjer fullt særfrådrag for heile året kr 1 470 x 12 = kr 17 640. Har skattytaren etter fylte 67 år teke ut alderspensjon etter § 19-4 i folketrygdlova, har han òg rett til slikt særfrådrag (eventuelt avkorta om vedkommande ikkje har teke ut full alderspensjon). Særfrådraget vert gitt i allmenn inntekt, dvs. inntekta som ligg til grunn for utrekning av felles-, kommune- og fylkesskatt.

Pensjonistar med avtalefesta pensjon (AFP) har ikkje rett til særfrådrag.

Uførepensionistar

Skattytarar som mottek førebels uførestønad eller pensjon av di arbeidsevna er varig nedsett med minst to tredelar, skal i 2000 ha eit særfrådrag i inntekta på kr 1 470 per månad, tilsvarende kr 17 640 for heile året. Dersom arbeidsevna er nedsett med mellom halvdelen og to tredelar, skal vedkommande ha eit halvt særfrådrag. Særfrådraget vert gitt i allmenn inntekt.

Særskild skatteavgrensingsregel

For skattytarar som har rett til fullt særfrådrag etter dei reglane som er nemnde ovanfor, skal det ikkje reknast ut skatt når den allmenne inntekta til skattytaren før særfrådrag er under kr 73 800 for einslege og kr 120 600 for ektepar. Ved utrekning av inntekta skal ein leggja til 2 pst. av den skattepliktige formuen over kr 200 000.

Dersom inntekta ligg over dei fastsette skattefrie grensene, skal ein i utgangspunktet rekna skatt av heile inntekta etter dei ordinære reglane for pensjonistar. Skatten skal likevel ikkje overstige 55 pst. av den allmenne inntekta over den skattefrie beløpsgrensa. Skatten vert på denne måten *avgrensa* til maksimalt 55 pst. av den allmenne inntekta som ligg høgare enn beløpsgrensene.

Denne regelen gjeld også for skattytarar som mottar overgangsstønad, etterlatepensjon eller avtalefesta pensjon (AFP). Den særskilde skatteavgrensingsregelen vert brukt ved utrekning av trygdeavgift, felles-, kommune- og fylkesskatt. Regelen vert ikkje brukt ved fastsetjing av toppskatt eller formuesskatt.

Trygdeavgift

Satsen for trygdeavgift på pensjonsinntekt mv. er 3 pst. i 2000.

6 Krigspensjonering

Utgiftene til krigspensjon etter lov av 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering for militærpersonar (§ 19) og lov av 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjonering for heimstyrkepersonell og sivilpersonar (§ 25), vert dekkja av staten.

Under kap. 660, post 70 Tilskott militære og post 71 Tilskott sivile, er det for 2000 løyvd respektive 300 mill. kroner og 722 mill. kroner.

Pensjonane skal etter tilleggslova av 29. juni 1951 nr. 34, regulerast som for statspensjonane, dvs. i takt med grunnbeløpet i folketrygda. For 2000 vert det rekna med meirutgifter på 9 mill. kroner for krigspensjoneringa for militærpersonar og på 22 mill. kroner for krigspensjoneringa for heimstyrkepersonell og sivilpersonar.

Krigspensjon vert samordna med pensjonar frå folketrygda. Det vert gjort framlegg om at løyvinga under kap. 660 Krigspensjonering aukar med 31 mill. kroner.

7 Avtalefesta pensjon

Etter lov av 23. desember 1988 nr. 110 om statstilskott til ordningar for avtalefesta pensjon, yter staten tilskott med 40 pst. av pensjonsutgiftene for pensjonistar som er fylde 64 år (§ 6).

Under kap. 666, post 70 Tilskott er det for 2000 løyvd 437 mill. kroner i statstilskott.

Pensjonen skal regulerast på same måte som pensjonane i folketrygda. Det vert gjort framlegg om at statstilskottet aukar med 13 mill. kroner for 2000.

8 Pensjonstrygda for sjømenn

Etter lov av 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn yter staten visse tilskott (§ 33). Staten dekkjer m.a. utgiftene til krigsfartstillegg for farts-
månader mellom 1. september 1939 og 31. desember 1945.

Under kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn, post 70 Tilskott, er det for 2000 løyvd 189 mill. kroner.

Frå 1. mai 1997 vert krigsfartstillegget fastsett direkte i prosent av folke-
trygda sitt grunnbeløp, og aukar såleis automatisk i takt med dette. Ved ein
auke av krigsfartstillegget i takt med grunnbeløpet i folketrygda, reknar ein
med at meirutgiftene i 2000 vil auke med 6 mill. kroner og tilskottet vert tilrådd
auka tilsvarande med 6 mill. kroner.

9 Ytingar til yrkesretta attføring

Løyvinga for 2000 under kap. 2543 Ytingar til yrkesretta attføring er på 4 667 mill. kroner delt med 3 632 mill. kroner til attføringspengar og 1 035 mill. kroner til attføringsstønader. I tillegg er løyvinga tilrådd auka med 583 mill. kroner i St.prp. nr. 61 (1999-2000) Omprioriteringar og tilleggsbevilgningar på statsbudsjettet 2000, delt med 418 mill. kroner på post 70 og 165 mill. kroner på post 71.

Attføringspengar

Med utgangspunkt i eksisterande informasjon om utbetalingane hittil i år og anslag på utbetalingane ut året vert det rekna med at det er eit meirbehov under attføringspengar på 128 mill. kroner grunna auken i grunnbeløpet. Det vert derfor foreslått at løyvinga for 2000 under kap. 2543 Ytingar til yrkesretta attføring, post 70 attføringspengar aukast med 128 mill. kroner.

Attføringsstønader

Det er i første rekkje stønad til hushaldsutgifter som vert berørt av endringa i grunnbeløpet. Den sentrale faktoren i ordninga med stønad til hushaldsutgifter er ein sjablonberekna levekostnadsfaktor som skal dekke andre utgifter enn buutgifter. Dersom ein attføringssøklar og eventuell ektefelle har samla nettoinntekter som er lågare enn levekostnadsfaktoren og buutgiftene til saman, skal det gjevast månadlege tilskott for å dekke differansen.

Levekostnadsfaktoren vert sjablonberekna. Per 1.09.00 vert satsane i levekostnadsfaktoren auka til:

- kr 4 810 per månad for trygda, ein auke på kr 130
- kr 2 890 per månad for ektefelle, ein auke på kr 80
- kr 1 720 per månad for kvart barn, ein auke på kr 50

Tilskottet kan maksimalt utgjere kr 5 360 per månad, ein auke på kr 140. Stønadsbeløp på under kr 100 per månad vert ikkje utbetalt.

Ein reknar med at endra grunnbeløp og justering av levekostnadsfaktoren isolert sett vil føre til eit meirbehov på om lag 9 mill. kroner under løyvinga for attføringsstønad i 2000.

På bakgrunn av dette vert løyvinga for 2000 under kap. 2543 Ytingar til yrkesretta attføring, post 71 attføringsstønad tilrådd auka med 9 mill. kroner.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om regulering av grunnbeløpet i folketrygda frå 1. mai 2000, og om auke av løyvingar på statsbudsjettet for 2000 under kap. 660, kap.

664, kap. 666, kap. 2543, kap. 2660, kap. 2662, kap. 2663, kap. 2670, kap. 2680 og kap. 2683.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om regulering av grunnbeløpet i folketrygda frå 1. mai 2000, og om auke av løyvinga på statsbudsjettet for 2000 i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet ligg ved.

Forslag til vedtak om regulering av grunnbeløp i Folketrygda frå 1. mai 1999 og endringar i statsbudsjettet for 1999

I

Grunnbeløpet i folketrygda blir sett til kr 49 090 med verknad frå 1. mai 1999.

II

På statsbudsjettet for 1999 blir følgjande endringar:

Kap	Pos	Formål	Kroner
660		Krigspensjon	
	70	Tilskott, militære, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	9 000 000
		frå kr 300 000 000 til kr 309 000 000	
	71	Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	22 000 000
		frå kr 722 000 000 til kr 744 000 000	
664		Pensjonstrygden for sjømenn	
	70	Tilskott, blir auka med	6 000 000
		frå kr 189 000 000 til kr 195 000 000	
666		Avtalefesta pensjon	
	70	Tilskott, blir auka med	13 000 000
		frå kr 437 000 000 til kr 450 000 000	
254 3		Ytingar til yrkesretta attføring	
	70	Attføringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	128 000 000
		frå kr 4 050 000 000 til kr 4 178 000 000	
	71	Attføringsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	9 000 000
		frå kr 1 200 000 000 til kr 1 209 000 000	
266 0		Uførhet	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	360 000 000
		frå kr 11 795 000 000 til kr 12 155 000 000	
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	508 000 000
		frå kr 16 693 000 000 til kr 17 201 000 000	
	72	Særtilllegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	40 000 000
		frå kr 1 290 000 000 til kr 1 330 000 000	

266 2		Yrkesskadetrygd, gammel lovgivning	
	70	Pensjonar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	3 000 000
		frå kr 83 000 000 til kr 86 000 000	
266 3		Medisinsk rehabilitering	
	70	Rehabiliteringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	112 000 000
		frå kr 3 690 000 000 til kr 3 802 000 000	
	72	Mellombels uførestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	6 000 000
		frå kr 207 000 000 til kr 213 000 000	
267 0		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	787 000 000
		frå kr 25 895 000 000 til kr 26 682 000 000	
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	968 000 000
		frå kr 31 830 000 000 til kr 32 798 000 000	
	72	Ventetillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	6 000 000
		frå kr 205 000 000 til kr 211 000 000	
	73	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	166 000 000
		frå kr 5 470 000 000 til kr 5 636 000 000	
268 0		Ytingar til gjenlevende ektefeller	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	35 000 000
		frå kr 1 140 000 000 til kr 1 175 000 000	
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	30 000 000
		frå kr 975 000 000 til kr 1 005 000 000	
	72	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	2 000 000
		frå kr 63 000 000 til kr 65 000 000	
268 3		Stønad til einsleg mor eller far	
	70	Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	81 000 000
		frå kr 2 650 000 000 til kr 2 731 000 000	

Vedlegg 1

Tabell 1.1: Minstepensjon (årleg gjennomsnitt) for einslege og ektepar (begge pensjonistar med særtillegg) og grunnbeløpet (G) (årleg gjennomsnitt). Endring i realverdi. 1970-1997.

År	Særtillleggssats ved utgangen av året (pst. av G)		Årlege minstepensjonar		Gj.sn. grunnbeløp kr	Endring i realverdi frå året før		
	Høgaste pst.	Lågaste pst.	Einsleg kr	Ektepar kr		Einsleg pst.	Ektepar pst.	Gj.sn. grunnbeløp kr
1970	7,50	7,50	7 810	11 970	6 800	6,3	7,3	-
1971	14,00	14,00	8 900	13 850	7 400	7,3	9,0	2,6
1972	17,00	16,00	9 664	15 023	7 900	1,2	1,1	-0,4
1973	17,00	16,00	10 445	16 220	8 500	0,6	0,5	0,0
1974	17,00	16,00	11 655	18 101	9 533	2,0	2,0	2,5
1975	21,50	20,25	13 308	20 696	10 800	2,2	2,4	1,5
1976	25,00	24,00	15 363	24 215	12 000	5,8	7,2	1,8
1977	31,00	30,00	17 770	28 331	13 383	6,0	7,2	2,3
1978	36,00	35,00	20 228	32 760	14 550	5,6	6,9	0,5
1979	40,00	39,00	21 780	35 406	15 200	2,4	3,1	-0,3
1980	44,00	41,00	24 345	39 339	16 633	0,8	0,2	-1,3
1981	48,00	45,00	27 882	45 066	18 658	0,8	0,8	-1,3
1982	49,00	46,00	31 228	50 633	20 667	0,6	0,9	-0,5
1983	51,50	47,50	34 153	55 248	22 333	0,9	0,7	-0,3
1984	52,50	48,50	36 516	59 056	23 667	0,6	0,6	-0,3
1985	53,00	49,00	39 220	63 496	25 333	1,6	1,7	1,3
1986	54,50	49,75	42 884	69 196	27 433	2,0	1,7	1,0
1987	54,50	49,75	45 724	73 776	29 267	-1,9	-1,9	-1,9
1988	57,00	52,25	48 786	78 966	30 850	0,0	0,3	-1,2
1989	57,00	52,25	51 174	82 896	32 275	0,3	0,4	0,0
1990	58,00	53,25	53 438	86 652	33 575	0,3	0,4	-0,1
1991	60,50	54,80	56 112	90 840	35 033	1,5	1,4	0,9
1992	60,50	54,80	58 048	93 890	36 167	1,1	1,0	0,9
1993	60,50	54,80	59 440	96 128	37 033	0,1	0,1	0,1
1994	60,50	60,50 ¹	60 700	102 496	37 820	0,7	5,2	0,7
1995	61,55	61,55 ¹	62 752	106 088	38 847	0,9	1,0	0,3
1996	61,55	61,55 ¹	65 284	110 368	40 410	2,7	2,7	2,7
1997	63,20	63,20 ¹	68 320	115 632	42 000	2,0	2,1	1,3
1998	79,33	79,33	77 360	132 512	44 413	11,0	12,4	3,8
1999	79,33	79,33	83 256	143 288	46 423	5,2	5,7	2,2

¹ Om begge ektefellar har særtillegg

Kilde: Kjelde: Sosial- og helsedepartementet

Tabell 1.2: Personar med pensjon/overgangsstonad frå folketrygden

	Per 31. desember 1997			Per 31. Desember 1998			Per 31. desember 1999		
	Talet på personar	Av dette med minstepensjon ¹	I pst. av alle	Talet på personar	Av dette med minstepensjon ¹	I pst. av alle	Talet på personar	Av dette med minstepensjon ¹	I pst. av alle
Alderspensionistar	628 247	234 138	37	630 526	259 063	41	631 220	248 149	39
Uføre pensjonistar	246 541	51 459	21	258 103	61 053	24	269 840	61 853	23
Gjenlevande ektefellar	29 956	3 803	13	29 288	5 921	20	28 034	5 327	19
Tidlegare familiepleiarar	324	324	100	329	329	100	296	296	100
Ugifte forsørgjarar og skilte separerte forsørgjarar	44 986	44 986	100	44 663	44 663	100	41 328	41 328	100
I alt	950 054	334 710	35	962909	371 029	39	970 718	356 953	37

¹ Frå og med 1.01.98 vert det ikkje gjeve særtillegg til ugifte, skilde og separerte forsørgjarar. Overgangsstonaden er 1,85 gonger grunnbeløpet.

Kilde: Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 1.3: Alders- og uførepensjonistar med særtillegg og sats for særtillegg per 31.12.99

	Høgaste sats			Lågaste sats ¹		
	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn	I alt
Alderspensionistar	125 637	30 608	156 245	87 004	4 900	91 904
67-69	7 199	3 379	10 578	18 652	380	19 032
70 år og over	118 438	27 229	145 667	68 352	4 520	72 872
Uførepensjonistar I alt	36 595	7 870	44 465	16 699	689	17 388
Under 50 år	10 258	2 959	13 217	860	118	978
50-59 år	16 142	2 270	18 412	4 318	190	4 508
60-66 år	10 090	2 615	12 705	11 354	375	11 729
67-69 år	105	26	131	167	6	173
I alt	162 232	38 478	200 710	103 703	5 589	109 292

¹ Fordelinga mellom høg og låg sats har vore feil i nokon tidlegare år, dvs. at det har vore altfor få med låg sats. Lågaste sats inkluderer også dei som har sats som ligg mellom høg og låg (jf. endring i særtilleggssatsane for ektefellar gjeldande frå 1.01.94).

Kilde: Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 1.4: Alderspensionistar og uførepensionistar med full pensjon samt gjenlevende ektefelle med og utan tilleggspensjon. 31. desember 1999¹

	Berre pensionistar med full pensjon		Gjenlevande ektefelle med pensjon/overgangstønad	I alt
	Alderspensionistar	Uførepensionistar		
Után tilleggspensjon	82 378	9 681	801	92 860
Under 0,55 G	117 136	24 897	10 820	152 853
0,55 G - 0,60 G	10 674	2 303	969	13 946
0,60 G - 0,80 G	45 826	10 176	3 626	59 628
0,80 G - 1,00 G	48 647	11 353	3 815	63 815
1,00 G - 1,50 G	126 967	71 582	6 256	204 805
1,50 G - 2,00 G	116 120	41 445	1 691	159 256
Over 2,00 G	79 775	41 114	56	120 945
I alt	627 523	212 551	28 034	868 108

¹ Tabellen omfattar ikkje alderspensionistar og uførepensionistar med gradert pensjon.

Kilde: Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 1.5: Personar som tente opp tilleggspensjon (unntatt personar som fikk godskrevet pensjonspoeng etter særregler for uførepensionistar)¹

År	Talet på personar		I prosent av folketalet 17-69 år per 31. desember		
	Menn	Kvinner	I alt	Menn pst.	Kvinner pst.
1967	1 000 303	379 284	1 379 587	82,0	31,0
1970	1 000 262	406 912	1 407 174	80,3	32,7
1973	1 019 234	467 148	1 486 382	79,9	36,8
1975	1 034 142	506 236	1 540 378	79,9	39,4
1977	1 068 877	581 234	1 650 111	81,5	44,7
1978	1 074 084	616 895	1 690 959	81,3	47,2
1979	1 081 518	646 502	1 728 020	81,5	49,2
1980	1 096 561	677 229	1 733 790	82,1	51,2
1981	1 097 511	698 253	1 795 764	81,6	52,5
1982	1 083 001	710 012	1 793 013	79,9	53,1
1983	1 080 593	722 474	1 803 067	79,1	53,6
1984	1 087 816	745 200	1 833 016	79,1	53,0
1985	1 100 216	776 418	1 876 634	79,3	56,9
1986	1 122 975	812 883	1 935 858	80,2	59,1
1987	1 128 753	846 414	1 975 167	79,9	61,1

Tabell 1.5: Personar som tente opp tilleggspensjon (unntatt personar som fikk godskrevet pensjonspeng etter særregler for uførepensjonistar)¹

1988	1 128 573	861 669	1 990 242	79,1	61,8
1989	1 099 913	850 403	1 950 316	76,7	60,7
1990	1 089 392	856 668	1 946 060	75,8	61,0
1991	1 082 327	865 544	1 947 871	74,9	61,4
1992	1 079 078	872 979	1 952 057	74,3	61,7
1993	1 081 504	884 425	1 965 929	74,2	62,2
1994	1 099 311	900 904	2 000 215	75,2	63,2
1995	1 116 499	918 852	2 035 351	76,1	64,2
1996	1 132 310	935 019	2 067 329	76,9	65,0
1997	1 154 670	951 227	2 105 897	78,0	65,8
1998 ²	1 177 106	971 935	2 149 041	79,0	66,8

¹ Frå 1982 er personar med pensjonsgjevande inntekt som døde eller utvandra i året tatt ut.

² Mellombels tal.

Kjelde: Rikstrygdeverket

Tabell 1.6: Utviklinga av gjennomsnittleg pensjonspeng for ikkje-uføre 1967-1996

År	Menn	Kvinner
1967	3,55	1,88
1968	3,52	1,87
1969	3,49	1,84
1970	3,63	1,90
1971	3,82	1,96
1972	3,89	2,03
1973	3,96	2,08
1974	4,01	2,09
1975	4,14	2,19
1976	4,29	2,30
1977	4,30	2,26
1978	4,32	2,26
1979	4,29	2,23
1980	4,31	2,27
1981	4,30	2,31
1982	4,20	2,33
1983	4,25	2,36
1984	4,30	2,41
1985	4,36	2,46
1986	4,40	2,53
1987	4,60	2,69
1988	4,64	2,74

Tabell 1.6: Utviklinga av gjennomsnittleg pensjonspoeng for ikkje-uføre 1967-1996

1989	4,54	2,77
1990	4,61	2,88
1991	4,61	2,95
1992	4,25	2,92
1993	4,24	2,95
1994	4,27	2,99
1995	4,30	3,02
1996	4,32	3,06
1997	4,37	3,10
1998 ¹	4,41	3,13

¹ Mellombels tal.

Vedlegg 2

Protokoll fra møtet 27. april 2000 mellom representanter for Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Sosial- og helsedepartementet og Finansdepartementet og representanter fra Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Norge.

Representanter for Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Sosial- og helsedepartementet og Finansdepartementet og representanter for Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Norge har i et møte 27. april 2000 gått gjennom Det tekniske beregningsutvalg sin rapport Om grunnlaget for inntektsoppgjørene 2000.

Ved gjennomgangen av rapporten konstaterte partene at utvalget hadde anslått lønnsveksten fra 1998 til 1999 til 4,9 prosent for *lønnstakere i alt*, til 4,9 prosent for arbeidere i LO/NHO-området, til 4,7 prosent for ansatte i stat og 5,0 prosent for ansatte i kommunene. Økningen i grunnbeløpet i samme tidsrom var 4,52 prosent. Det vises til vedlagte tabell.

Partene vil vurdere tallene og bruken av dem under drøftingene om reguleringen av grunnbeløpet.

Følgende var tilstede på møtet:

- Fra *Norsk Pensjonistforbund*: Kjell Samuelsen og Arild Daleng.
- Fra *Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon*: Jan A. Monsbakken, Liv Arum og Peter Hjort.
- Fra *LO*: Per Gunnar Olsen.
- Fra *Sosial- og helsedepartementet*: Odd Helge Askevold.
- Fra *Finansdepartementet*: Inge Skeie.
- Fra *Arbeids- og administrasjonsdepartementet*: Hans Otto Hauger, Tormod Belgum og Tone Kristin Kastnes.

Tabell 2.1: *Inntektsutvikling for minstepensjonister og lønnstakere og gjennomsnittlig alderspensjon 1994-99. Årlig prosentvis endring og gjennomsnitt 1994-99.*

	94-95	95-96	96-97	97-98	98-99	94-99
Grunnbeløp	2,7	4,0	3,9	5,75	4,52	4,2
Minstepensjon ¹ for enslige	3,5	4,0	4,7	13,2	7,6	6,5
Minstepensjon ¹ for ektepar	3,5	4,0	4,8	14,6	8,1	6,9
Arb. i LO/NHO-område	2,9	4,2	4,3	6,2	4,9	4,5
Statsansatte	3,1	4,4	4,3	6,4	4,7	4,6
Kommuneansatte	2,8	4,4	3,9	5,9	5,0	4,4
Lønnstakere i alt	3,0	4,4	4,3	6,2	4,9	4,6

¹ De årene der endringen i minstepensjon avviker fra endringen i grunnbeløpet skyldes det økning i særtillleggssatsen.

Oslo, den 27. april 2000	
Norsk Pensjonistforbund	Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Landsorganisasjonen i Norge	Arbeids- og administrasjonsdepartementet

Vedlegg 3

Protokoll fra drøftingene mellom Regjeringen og Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Norge om regulering av grunnbeløpet i folketrygden pr. 1. mai 2000.

Drøftingene om årets trygdeoppgjør ble gjennomført ved møter 30. og 31. mai 2000.

Følgende har vært tilstede på ett eller flere av møtene:

- Fra *Norsk Pensjonistforbund*: Einar Strand, Sidsel Bauck, Einar Skaar, Reidar Tjøstheim, Einar Eithun, Arild Daleng og Torolf Støyyva.
- Fra *Offentlige ansattes pensjonistorganisasjon*: møte som observatør Inge Bø.
- Fra *Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon*: Jan A. Monsbakken, Liv Arum og Peter Hjort.
- Fra *LO*: Irene Frenger, Øystein Nilsen og Per Overrein.
- Fra *Sosial- og helsedepartementet*: Statsråd Guri Ingebrigtsen, Odd Helge Askevold og Anita M. Sivertsen.
- Fra *Finansdepartementet*: Statssekretær Ellen Mo, Inge Skeie og Camilla Birkeland.
- Fra *Arbeids- og administrasjonsdepartementet*: Statsråd Jørgen Kosmo, Hans Otto Hauger og Tone Kristin Kastnes.

Organisasjonene la 30. mai kl. 1450 fram følgende krav:

1. «I protokollen fra møtet 27.04.2000 konstaterte partene at årslønnsvekst for alle grupper fra 1998 til 1999 er 4,9 %. I samme periode økte grunnbeløpet med 4,5 %. For å dekke opp for avviket mellom utviklingen i grunnbeløpet og årslønn for alle grupper i 1999 krever organisasjonene at grunnbeløpet justeres opp med *kr 250* pr 1. mai 2000.
2. Under henvisning til retningslinjene for regulering av grunnbeløpet og resultatene i årets inntektsoppgjør for yrkesaktive, krever organisasjonene at grunnbeløpet økes med 4,9 %, som vil si *kr 2.620*, fra 1. mai 2000. Organisasjonenes samlede krav til økning i grunnbeløpet fra 1. mai 2000 er *kr 2 870*. Grunnbeløpet fra 1. mai 2000 blir da *kr 49.820*.
3. Grunnbeløpet har vært underregulert gjennom en årrekke. Dette har ført til at verdien av grunnbeløpet ligger vesentlig lavere enn forutsatt da folketrygden ble etablert. Ved årets trygdeoppgjør krever organisasjonene derfor at partene blir enige om en opptrappingsplan for grunnbeløpet.»

Gjennom de drøftinger som har pågått har partene blitt enige om følgende:

«Partene legger til grunn at den forventede årslønnsvekst for alle grupper i 2000 vil bli 3,9 pst.

Partene har lagt til grunn Stortingets forutsetninger i B.innst. S. nr. 11 (1999-2000) om at en skal hensynta både den forventede og historiske lønnsutvikling i forbindelse med fastsetting av grunnbeløpet.

Partene har etter dette kommet til enighet om at grunnbeløpet reguleres med *kr 2 140* per 1. mai 2000. Det nye grunnbeløpet blir *kr 49 090*. Det gir en vekst i grunnbeløpet på årsbasis på 4,2 pst.

Partene viser til at folketrygden er en bærebjelke i det norske velferdssystemet, og er åpne for en dialog om utfordringer folketrygden står overfor i årene som kommer.»

Oslo, den 31. mai 2000	
Norsk Pensjonistforbund	Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Landsorganisasjonen i Norge	Arbeids- og administrasjonsdepartementet
